



Ole Vidar Monsen og Joakim Bjørge er i gang med nytt bygningsfirma.

For ein månads tid sidan starta uskedelingen Ole Vidar Monsen opp eige bygningsfirma saman med kameraten Joakim Bjørge. Tomannsfirmaet ber namnet Byggmester Monsen og Bjørge AS. Firmaet kan ta på seg alt frå heile nybygg til mindre restaureringsoppdrag.

Ole Vidar Monsen er oppvaksen på Haugland, og han er m.a. kjend som ein god skiløpar og leiar i den aktive skigruppa i idrettlaget i fleire år. Han bur no på Eik. Av utdanning er han tømrrar med vidareutdanning frå teknisk fagskule og meisterbrev. Han har tidlegare vore tilsett i fleire byggjeverksemdar, og var lenge tilknytta Uskedalsfirmaet Byggpartner Kvinnherad. Joakim Bjørge er tømrrar frå Eidsvoll, men han er no busett med familie på Seimsfoss.

I dagens utgåve av Kvinnheringen er det nyetablerte firmaet omtala. Artikkelen finn de også på denne lenkja ved [å klikka inn på Kvinnheringen si nettutgåve.](#)

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Elisabeth Berg Hass/Kvinnheringen